

ÅRSMELDING HAVREFJELL TURLAG 2019



OPPTUR til Havrefjell 8. mai for 250 åttande - klassingar i 7 kommunar. Foto Ståle Waasjø Øylandsdal

Dette er turlagets 17. år. Aldri før har vi hatt så stor aktivitet. Ny rekordoppslutning på både arrangement og dugnad:

- 29 arrangement med over 1 500 deltakarar.
- Nyrenovert 45 km med turløyper, (karttavler, skilttavler, kartoppslag, gangbanar, bruer, benk, turbokasser m.m.).
- Totalt utført dugnad dette året: ca. 1 260 timar. Aldri før har vi hatt så mange å takke!
- Medlemstal: 485



Vi passar på lokale naturverdiar og driv turistinformasjon for våre 3 kommunar.





Styrets arbeid

Styret har hatt 2 møter med til saman 52 saker. Uttale er sendt der vi åtvare mot å bygge ned naturen med vind-industri. I slike saker samarbeider vi gjerne med Aust-Agder Turistforening og Forum for natur og friluftsliv Agder. Ny E18 trase blir lagt langs nåverande linje, slik vi tilråde i uttalen vår frå i fjor.

Leiar har deltatt på styremøte i AAT. Mykje tid har i år gått til søknader og drift av prosjekt.

Arrangement

Dato	Arrangement og turleiarar	Barnas Turlag Havrefjell	Havrefjell Turlag	Frammøte
28.jan	Årsmøte. Risørhuset. Tema: Tur Norge på langs og tv-serie. <i>Isak Knutsen</i> Ansvarleg: Styret		HT	65
03.feb	KOM DEG UT DAGEN. Kleivvann i Gjerstad. Saman med Gjerstad IL. <i>Olav Smestad, Rune Aasbø Lystad, Astrid Haukenes Bråten, Ole Jakob Bråten</i>		HT	275
03.mar	Fastelavntur. Kleivvann i Gjerstad. <i>May Yvonne Hjellvik, Åshild Mortensen</i>			7
20.mar	DNT-ambassadørkurs. Kommunehuset i Gjerstad. <i>Astrid Haukenes Bråten</i>		HT	6


30.mar	Nærturlederkurs. Kommunehuset i Gjerstad. <i>Ove Bach, Astrid Haukenes Bråten</i>		HT	12
07.apr	Rundtur. Fransåsenløypa i Risør. <i>Ståle Waasjøl Øylandsdal, Terje Kjeldsen Møller, Tove Urffjell, Leif Inge Urffjell</i>		HT	32
24.apr	Onsdagstur. Loftshei og Ormåsen i Risør. <i>Tore Fidje.</i>		HT	24
08.mai	OPPTUR. Havrefjell i Nissedal. For alle 8. klassingar i Risør, Gjerstad, Nissedal, Fyresdal, Åmli, Vegårshei og Tvedestrand. Saman med AAT. <i>Ståle Waasjøl Øylandsdal, Olav Smestad, Knut Hagelia</i>		HT	250
08.mai	Onsdagstur. Åslandsfjellet og Rødsknuten i Gjerstad. <i>Olav Brokeland.</i>		HT	24
12.mai	Topptur til Skuggenatten i Nissedal. <i>Tove Urffjell, Leif Inge Urffjell</i>		HT	45
19.mai	Ferskingtur. Klavfjell i Gjerstad. Saman med Gjerstad Husflidslag. <i>May Yvonne Hjellvik, Åshild Mortensen, Per Urffjell, Torunn Urffjell, Olav Aage Haugen.</i>			20
21.mai	Løypemerkekurs. Lyngrillen i Gjerstad. <i>Ole Jakob Bråten</i>		HT	12
22.mai	Onsdagstur til Maristjenn i Gjerstad. <i>Kåre Dalane og Anne Gunn Østerholt.</i>		HT	12
02.jun	Topptur. Langfjell i Nissedal. <i>Tove Urffjell, Leif Inge Urffjell, May Yvonne Hjellvik</i>		HT	16
05.jun	Onsdagstur. Nyslåttheia i Nissedal. <i>Kåre Dalane, Anne Gunn Østerholt</i>		HT	12
19.jun	Onsdagstur. Morkheia i Gjerstad. <i>Mary Lie og Kåre Dalane.</i>		HT	29
15.aug	Introkurs i havpadling. Sagjordet – Finnøya, Risør <i>Jacob Stenersen</i>		HT	8
21.aug	Onsdagstur. Åsmyra i Gjerstad. <i>Jostein Vestøl.</i>		HT	18
01.sep	KOM DEG UT DAGEN. Camp Skarvann i Risør. Saman med Kiwi og Geokaperne fra Agder. <i>Ståle Waasjøl Øylandsdal, Mary Helena Lie, Ola Husås, Liv Oda Kristiansen</i>		HT	250
04.sep	Onsdagstur. Vedlausfjell i Nissedal. <i>Kåre Dalane, Anne Gunn Østerholt</i>		HT	5
15.sep	Gjerstadmarsjen. Fiane skole i Gjerstad. Saman med Gjerstad IL. <i>Rolf Philstrøm.</i>		HT	130
18.sep	Onsdagstur. Ormfjell i Nissedal. <i>Åse Øygarden, Øystein Øygarden</i>		HT	14
22.sep	Rodeveien (øst for Gjerstadvannet) i Gjerstad. <i>Astrid Haukenes Bråten, Helge Wroldsen, May Yvonne Hjellvik, Anders Moe, Ole Jakob Bråten</i>		HT	60
02.okt	Onsdagstur. Moskam i Nissedal. <i>Mary Lie, Tordis Brekka</i>		HT	6
06.okt	Rundtur. Risfjell i Gjerstad. <i>Tove Urffjell, Leif Inge Urffjell</i>		HT	18
16.okt	Onsdagstur. Gartetjenn, Stemtjenn og Vemmelstjenn i Risør. <i>Thorvald A. Garthe</i>		HT	21
27.okt	Nistetur. Vedlausfjell i Nissedal. <i>May Yvonne Hjellvik, Åshild Mortensen</i>			41
30.okt	Båltur. Kleivvann i Gjerstad. <i>Tone Ellingsen, Olav Smestad</i>		HT	18
23.nov	Klatredag. Risørhallen i Risør. Saman med Risør klatreklubb. <i>May Yvonne Hjellvik, Åshild Mortensen, Rune Aasbøl Lystad</i>			80
	SUM			1 510

- Dei nye onsdagsturane til Dagsturgruppa blei ein suksess med 11 turar og 183 deltakarar.

- Barnas Turlag Havrefjell har hatt fine aktiviteter. Klatredagen er viktig.
- Begge KOM DEG UT DAGANE blei svært vellukka. Dette er gratis lågterskeltilbod der vi når ut til alle aldrar og mange nye grupper.
- Opptur til Havrefjell for alle 8. - klassingar i Risør, Gjerstad, Nissedal, Fyresdal, Åmli, Vegårshei og Tvedestrand blei ei fin oppleving for 250 ungdomar.
- Alle turane var varierte og fordelt rundt i våre tre kommunar.



Klatredag i Risørhallen. Foto May Yvonne Hjellvik



Kurs

Vi har i år gjennomført 4 kurs.

5 gjennomførte DNT-ambassadørkurs. Vi fekk 12 nye nærturleiarar. 11 deltok på løypemerkekurs. 7 gjennomførte introduksjonskurs i havpadling.



Kursleiar Ove Bach (til venstre) og nye nærturleiarar. Foto Astrid Haukenes Bråten

Den store løypedugnaden

Risør

Fransåsenløypa (12 km)

Prosjektet med å renovere denne viktige bynære løypa frå 2005, er nå fullført. Heile løypa er rydda og merka på nytt.



Fransåsen i Risør. Foto Astrid Haukenes Bråten

Ved hjelp frå Risør Frivilligsentral og IMS Technologies er det produsert 6 nye karttavler.

Vi har laga ny tekst, layout og ajourført litt kartdata. Kartoppslag er så produsert av Kart Fossøy på Notodden i samarbeid med oss. Kartgrunnlag frå Friluftsrådet Sør.

Løypa har fått 82 nye løypeskilt laga av ATL Grafisk og fleire nye skiltpålar. I fjor blei det montert stigetrinn og benk på Fransåsen.

Løypetraseen er lagt om for tryggare kryssing av Risørveien og gangbanar er lagt ut i fuktige strekningar. Det skal nå vere enkelt å følgje løypa gjennom både skog, kulturlandskap og bustadfelt.

Prosjektkostnad: 70 192 kr i kjøp og ca. 110 timar i utført dugnad.

Til prosjektet har vi fått 25 000 kr frå Aust-Agder Fylkeskommune og 2 000 kr frå Østre Agder Sparebank.

Svegåsen på Barmen (0,7 km)

Ny løype blei i år skilta og merka opp til Svegåsen. Benk sponsa av Brygga restaurant er montert oppe på toppen.

Nye topp-bokkasser

Fransåsen har fått toppbok-kasse sponsa av Monter Risør, og Svegåsen tilsvarande sponsa av Barmen bygg.

Ansvarleg for prosjekta i Risør: *Ståle Waasjø Øylandsdal*

Dugnad er her også utført av: *Per Bertil Pedersen, Terje Kjeldsen Møller, Torhild Strangstad, Svein Rosland, Tove Urfjell, Leif Inge Urfjell, Per Døssland, Inger Marie Døssland, Per Oddvar Barmen, Vetle Barmen, Tomas Ertsås, Ole Jakob Bråten.*

Gjerstad

Løypene i Solhomfjell aust

Ansvarleg for prosjektet: *Knut Hagelia*.



Materialar er transportert inn i terrenget på vinterføre. Lange strekningar med gangbanar er montert på stader der løypene går over fuktige myrar. Ny bru er montert over bekken frå Karistjenn.

Prosjektkostnad: 64 121 kr i kjøp og 125 timar i utført dugnad.

Prosjektet har fått støtte frå «Statskog-millionen»: 10 000 kr til løyper og 5 000 kr til bru.

Gangbane i Solhomfjell aust i Gjerstad. Foto Ole Jakob Bråten

Andre løyper i Gjerstad:

Resten av løypene i Solhomfjell og Risfjell har fått vanleg vedlikehald. Rodevegen er rydda.

Andre som har deltatt i arbeid med løypene i Gjerstad: *Helge Wroldsen, Anders Skorstøl, Reidar Malm, Kjell Bråten, Jarle Heiland, Rolf Inge Haugholt, Olav Brokeland, Rune Aasbø Lystad, Kåre Dalane, Olav Smestad, Anders Moe, Ragna Lunden, Mona Hoel, Astrid Haukenes Bråten, Ole Jakob Bråten*.

Nissedal

Villmarksløypa frå Sandtjønn til Gautefallheia (23 km)

Ansvarleg for prosjektet: *Ole Jakob Bråten*

Nyrenovering av denne løypa er også fullført i år. Heile løypa er rydda og merka på nytt. 60 nye løypeskilt som er laga av ATL Grafisk er montert i løypa.

Vi har laga ny tekst, foto, layout, retta stadnamn og ajourført kartdata. 3 ulike kartoppslag og 2 tavler med historieinformasjon er så produsert av Kart Fossøy på Notodden i samarbeid med oss. Kartgrunnlag N50 frå Statens kartverk og kartgrunnlag for turløyper frå Friluftsrådet Sør.

Knut Hagelia har produsert ny tavle ved Felehovet. Dei nye kartoppslaga er montert på denne tavla, og på eksisterande tavler ved Uvdalsvatnet og Sandtjønn.



Ny bru over bekken frå Løytesdalen i Nissedal. Foto Olav Smestad

Prosjektkostnad: 76 850 kr i kjøp og ca. 350 timar i utført dugnad.

Vi søkte spelemidler til prosjektet i 2018 og fekk avslag. Ny søknad blei innvilga i 2019. Pengane frå innvilga søknad kr. 70 000 kr vil bli utbetalt i 2020.

Andre som har deltatt i dugnad i prosjektet er: *Astrid Haukenes Bråten, Olav Smestad, Knut Hagelia, Kåre Dalane, Olav Brokeland, Arne Gryting, Anne Gunn Østerholt, Oskar Hagelia, Wenche Jacobsen.*

Vi har også gitt bistand og hatt møte med ei gruppe i Nissedal som i år har merka ny turløype over Langfjell.

Veldig mange folk på tur

Interessen for friluftsliv er aukande. Topp-bøkar og teljeapparat fangar berre opp ein del av utfarten. I tillegg går mange tur i andre delar av området utan å bli registrert.

Registrerte besøk siste 7 år i topp-bøkane i løypenettet i Gjerstadskogane (Statskog i Gjerstad og Nissedal):

Stad	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019
Drivheia	7000	1760	172	1070	273	3375	2300
Havrefjell	1981	1814	2800	2646	2429	2325	2451
Solhomfjell	540	632	883	865	770	967	1058
Mjeltenatten	200	171	187	208	218	115	150
Risfjell	173	215	232	211	279	189	217
Totalt:	9894	4592	4274	5000	3969	6971	6176

Besøket på Drivheia er for det meste på ski om vinteren og er veldig avhengig av nok snø til skiløyper.

Utfarten til Havrefjell er stabilt bra. Her går folk på barmark og få går på ski om vinteren. Stadig fleire går på tur til Solhomfjell. I år blei det ny rekord. Her ser vi resultatet av vårt oppgraderte løypenett.

Følgjande er i år trekt ut som vinnarar og har fått premie: *Semere Yemane Gebremichael, Mary Helena Lie, Kristin Altermark, Marit Helen Granlund, Janne Heiland*

Bøkane har vi i samarbeid med Gjerstad IL. *Ansvarlege: Astrid og Ole Jakob Bråten*

Teljeapparatet til Friluftsrådet Sør på Havrefjell og ved Kleivann.

Vi drifter dette apparatet som står ved Havrefjell om sommaren, og flytter det til Kleivann om vinteren. *Ansvarlege: Astrid og Ole Jakob Bråten*

	2018	2019
Kleivann om vinteren	13 784	10 243
Havrefjell om sommaren	4 859	4 390

Registrerte besøk i topp-bøkane i Risør siste år:

	Besøk	Besøk pr. dag	Vinnar av trekking
Fransåsen 23. april - 29. november	793	3,6	Bodil F. Gammelsæter
Svegåsen 18. april - 30. november	487	2,5	Björg S. Sjørdal

Ansvarleg: Ståle Waasjø Øylandsdal

Økonomi

Inntekter

Havrefjell Turlag har vanlegvis 3 årlege inntektskjelder:

- Vår del av medlemskontingenten (ca. 80 kr pr. medlem).
- Kommunale kulturmidlar
- Inntekter frå arrangement. Her kjem også dei pengane vi får refundert frå AAT til dekning for utgifter til Barnas Turlag Havrefjell og til Dagsturgruppa.

Samla inntekt i normalår er 60 000 – 70 000 kr. Det er dette som vi kan bruke utan å tære på oppsparte midlar.

Utgifter

Den største utgifta er til arrangement. Mykje av desse utgiftene er annonsekostnader. Arrangementa går samla med underskott. Dette kjem bl.a. av at vi har vedteke låge deltakaravgifter og at barn går gratis på arrangement.

Vi brukar også ein del på turprogram-brosjyra. Andre utgifter er til administrasjon, møter, løyper og profileringsartikler.

Ekstraordinære utgifter

Nokre år har vi ekstraordinære utgifter til løypeprosjekt. I 2019 avslutta vi 3 slike løypeprosjekt som tilsaman har kosta 211 000 kr. Slike utgifter prøver vi i størst mogeleg grad å dekke med midlar frå diverse søknader. Det er få mogelegheiter til å søke midlar til drift, men det finnast ein god del midlar til ulike prosjekt.

Søknadene har forskjellige fristar og krav. Det kan krevjast omfattande budsjettering og rapportering. Ein del søknader krev at vi dekkjer mykje av utgiftene med egne midlar.

Ein del søknader har krav om at prosjektet gjennomførast same år. Det kan også vere krav om at arbeidet må fullførast og rapporterast med revidert rekneskap og ferdigattest frå kommunen før pengane blir utbetalt.

Svaret på søknadene blir ja, nei eller at vi får ein lågare sum enn det vi har søkt om. Det er vanskeleg å budsjettere slike inntekter og då er det viktig å ha ein god grunnkapital.

Oppsparte midlar

Turlag, Idrettslag og Jeger og Fiskeforeiningar er lag som driftar anlegg, og som derfor er avhengig av prosjektmidlar. Alle slike lag må å ha ein del oppsparte pengar for å kunne drifte prosjekt.

Viss vi har nok grunnkapital, så har vi råd til å starte prosjekt når vi har folk som har tid til dugnad. Utgiftene må vi forskottera. Det kan ta lang tid (fleire år), før vi eventuelt får inn pengar på søknader om tilskott.

Dersom vi ikkje hadde nok pengar på bok til å starte prosjekta, og heller måtte bruke år på å samle inn pengar, så ville dette vere lite motiverande og ei dårleg tilbakemelding til dugnadsfolka våre.

Dei pengane vi har på bok i dag skuldast i stor grad 17 års arbeid med søknader frå «økonomigruppa». Det skuldast delvis også at vi i ein del år hadde få arrangement,

brukte lite pengar på løyper og dermed gjekk med overskott på drifta. I tillegg har vi tilskottet frå bok-prosjektet På Tur Gjerstadskogane Gautefallheia.

Ekstraordinært tilskott frå dugnad på boka På Tur Gjerstadskogane Gautefallheia: 82 070 kr

Boka som blei utgitt av Havrefjell Turlag, Helle Naturfoto og Kragerø Turistforening. Optrykk på 2 000 eksemplar i 2010 og nytt opplag på 1 000 eksemplar året etter.

Astrid og Ole Jakob Bråten deltok i redaksjonen. Han skreiv ca. halvparten av teksten i boka. Begge leverte foto. Astrid har etterpå hatt ansvar for rekneskap og for å serve eit forhandlarnett på opptil 23 utsalsstader i Aust-Agder og Telemark. Dei to har gjennom mange år totalt brukt meir enn 1 000 dugnadstimar på dette prosjektet.

I tillegg var Anne Gunn Østerholt ei av fleire som hjelpte til med korrektur.

I 2019 avslutta vi bokrekneskapet. Tidlegare har Havrefjell Turlag fått overført 50 000 kr, og nå i 2019 blei den siste summen på 32 070 kr overført til Turlaget.

«Økonomigruppa»

For å finansiere Turlaget har vi ei «økonomigruppe» som i praksis har bestått av leiar og kasserar. God fagleg støtte får vi frå revisor. Vi har også fått litt hjelp frå AAT-kontoret. Ståle Waasjø Øylandsdal har i tillegg dei to siste åra vore god til å skaffe sponsorar.

Mykje arbeid blir heile tida brukt på søknader om midlar for å finansiere Turlaget.

Likviditet

I 2019 starta vi året med 177 000 kr på bok og var ei stund nede i 66 000 kr på bok før vi på nytt fekk inn inntekter. I aktive år skal det lite til før utgiftene blir høgare enn budsjettet og at inntekter frå søknader ikkje kjem inn som forventa.

Økonomi framover

Normale budsjett utan større investeringar bør gå i balanse, utan å bruke av oppsparte midlar. Driftskostnadene kan aukast dersom det kjem nye forslag til finansiering.

Det er viktig at vi har nok oppsparte midlar til at framtidige styrer får handlefridom til å ivareta Turlagets driftsansvar på ein god måte og til å satse på nye spanande løypeprosjekt. Ut frå erfaring vil vi anbefale at Turlaget har ca. 200 000 kr på bok.

Turlagets nåverande driftsansvar

- Turløype Sandtjønn – Gautefallheia i Nissedal. (23 km).
Her har vi nå 30 års driftsansvar etter innvilga spelemiddelsøknad i 2019.
- Turløypene i Solhomfjell og i Risfjell i Nissedal og Gjerstad (26 km)
- Bispevegen i Gjerstad (6 km)
- Fransåsenløypa (12 km) i Risør
- Svegåsen (0,7 km) i Risør

Fleire nye prosjekt i våre tre kommunar kan bli aktuelle i åra framover. Eit av dei er kyststi. Slik sti går nå gjennom Vestfold og Telemark og arbeidet er starta i Agder.

Profilering av Havrefjell Turlag

Det har i år blitt lagt ned ekstra stor innsats i informasjon og profilering. Mange har levert tekst og foto til bruk i Turlaget.



Facebook Havrefjell Turlag

Heile 192 oppslag er i år lagt ut. 1 335 personar følgjer sida.

Dei fleste oppslaga er lagt ut av Ståle Waasjø Øylandsdal og noko er lagt ut av Astrid Haukenes Bråten.

Facebook Barnas Turlag Havrefjell

42 oppslag i år. 184 personar følgjer sida.

May Yvonne Hjellvik og Ståle Waasjø Øylandsdal

Heimeside Havrefjell Turlag

36 oppslag er lagt ut i år. Vi har registrert heile 31 831 besøk på heimesida siste år.

Det mest leste oppslaget er den daglege skiføremeldinga frå Kleivvann. Heimesida er gamaldags å drifte og krev ein del arbeid.

Ansvarleg: Astrid og Ole Jakob Bråten.

Turprogram 2019

Turprogrammet blei i år trykt av ATL Grafisk i 2 000 eksemplar. Programmet blei sendt i posten til våre medlemmar, sett ut på oppslagstavler og lagt ut ein del stader i vårt område.

Ansvarleg: Arrangementskomitéen.

Utending: Astrid og Ole Jakob Bråten.

Naturlos-brosjyren frå Friluftsrådet Sør

Turane er også trykt i Naturlos



Havrefjell Turlag -
Risør, Gjerstad og
Nissedal
@Havrefjell



Nye skilt og tavler

Dette har nå gitt oss bedre profilering i Risør og Nissedal



Kart-tavle i Fransåsenløypa



Undertekst i Risør: Turlaget for Risør, Gjerstad og Nissedal



Undertekst i Nissedal: Turlaget for Nissedal, Gjerstad og Risør

Kartoppslag ved Sandtjønn i løypa Sandtjønn - Gautefallheia

VILLMARKSLØYPA MELLOM SANDTJØNN OG GAUTEFALLHEIA

Villmarksløypa er ca. 23 km lang. I merke villemarksløypa. Hver 10 km av løypa kan du oppleve mest og spennende utfordringer. Det er en fantastisk tur for alle, små barn, voksne, eldre og utpinte folk. Løypeløyper i denne delen av Hordaland har utmerkede kvaliteter og er svært populære blant turister og lokale. Dette er et utmerket område for utvilsningsopplevelser.

DEI 10 MERKE LØYPER OG TURMÅL I OMRÅDET

Det er merke til hverdags og utvilsningsopplevelser, men også merke til tur og vandring, der utvilsningsopplevelser og utvilsningsopplevelser er merke til.

I merke til merke villemarksløypa gir det en lang, spennende og opprørende tur i villmarksløypa. I merke villemarksløypa gir det en lang, spennende og opprørende tur i villmarksløypa. I merke villemarksløypa gir det en lang, spennende og opprørende tur i villmarksløypa.

STÅTØD

Hver 10 km av løypa kan du oppleve mest og spennende utfordringer. Det er en fantastisk tur for alle, små barn, voksne, eldre og utpinte folk. Løypeløyper i denne delen av Hordaland har utmerkede kvaliteter og er svært populære blant turister og lokale. Dette er et utmerket område for utvilsningsopplevelser.

Havrefjell Turlag
Aust-Agder Turistforening

Kartene er utarbeidet av Turlaget "Havrefjell" og utarbeidet "Gautefallheia".
Utgitt av Havrefjell Turlag
Bok om området "Risør - Gjerstad - Nissedal" - "Gautefallheia"
Utgitt av Havrefjell Turlag, Hordaland Turistforening og Kragers Turistforening.
Mer informasjon: havrefjell.no

Skrevet 15.04 - 15.09
Copyright © 2010
Utgitt av Havrefjell Turlag

Massemedia

Aust Agder Blad har oppdaga at tur-stoff har stadig større interesse blant lesarane. Dei har skrive mykje om våre aktivitetar i år. Kragerø Blad Vestmar, Agderposten og Vest-Telemark Blad har også skrive noko.

Vi annonserer i Aust Agder Blad og i Vest-Telemark Blad.

NRK Sørlandet har sendt 5 innslag i radio der Astrid Haukens Bråten fortalde om lokale turmål i Havrefjell Turlags område.

Takk

Aldri før har vi hatt så mange å takke!

Takk til AAT, DNT, kommunane, private grunneigarar og Statskog.

Takk til alle organisasjonar og firma som vi samarbeider med.

Takk til alle som i år har deltatt i dugnad for Havrefjell Turlag.

Mål

- Vårt viktigaste mål er å få med oss fleire barn og unge ut på tur.
- Vi bør få fleire aktivitetar i nordre del av Nissedal. Det er der vi har nesten alle medlemmane i denne kommunen.



KOM DEG UT DAGEN ved Kleivvann i Gjerstad 2019. Foto Astrid Haukenes Bråten

Tillitsvalde i Havrefjell Turlag 2019

Leiar: Ole Jakob Bråten

Styremedlemmer: Anne Drage, Ståle Waasjø Øylandsdal, Rune Aasbø Lystad og Sølvi Monica Strand.

Varamedlemmer: Helge Wroldsen og Knut Hagelia.

Valkomité:

Kari Margrete Homdrom Eskeland (leiar), Ingrid Felli Sandåker og Magnus Hovet.

Revisor: Leif Inge Urfjell.

Styret valde Anne Drage som sekretær og Astrid Haukenes Bråten til kasserar.

Styret har oppretta følgjande underutval:

Arrangementsutval:

Ståle Waasjø Øylandsdal (leiar), Anne Drage, Bodil Haugstveit Naume, Tove Urfjell, Anne Gunn Østerholt og May Yvonne Hjellvik.

Anleggsutval:

Helge Wroldsen (leiar), Svein Rosland, Olav Brokeland, Knut Hagelia, Ole Jakob Bråten, Ståle Waasjø Øylandsdal og Rune Aasbø Lystad.

Barnas Turlag Havrefjell

May Yvonne Hjellvik og Åshild Mortensen.

Dagsturgruppe: Anne Gunn Østerholt (leiar), Annie Røed, Morten Røed, Mary Lie, Åse Øygarden og Kåre Dalane



Frå tur til Skuggenatten i Nissedal 2019. Foto Olav Jakob Tveit